



Fylkesmannen i Vestland

## **TILSYNSRAPPORT**

### **Barnehagelova § 19 g**

# **Tilrettelagt tilbud til barn med nedsett funksjonsevne**

Gloppen kommune

Leikanger 29. oktober 2019

**Sak 2019/14154**

## Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Vår tilsynsmyndigheit.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Om tilsynet med Gloppen kommune.....</b>	<b>4</b>
<b>3. Dei rettslege krava i barnehagelova § 19 g .....</b>	<b>4</b>
<b>4. Kommunen «skal sikre» at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod.....</b>	<b>5</b>
<b>4.1 Rettsleg krav .....</b>	<b>5</b>
<b>4.2 Fylkesmannen si undersøking og vurdering .....</b>	<b>6</b>
<b>4.3 Fylkesmannen sin konklusjon .....</b>	<b>9</b>
<b>5. Kommunen skal følge sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova .....</b>	<b>9</b>
<b>5.1 Rettslege krav.....</b>	<b>9</b>
<b>5.2 Fylkesmannen sine undersøking og vurdering .....</b>	<b>10</b>
<b>5.3 Fylkesmannen sin konklusjon .....</b>	<b>10</b>
<b>6. Frist for å rette brot på regelverket.....</b>	<b>11</b>

## **Samandrag**

### **Tilsyn etter barnehagelova § 19 g**

Fylkesmannen har ført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd. Temaet for tilsynet er kommunen sin plikt etter barnehagelova § 19 g.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at barnehagemyndigheita sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får individuell tilrettelegging i barnehagen.

Gloppen kommune er vald ut på grunnlag av kor sannsynleg det er at kommunen ikkje fyller krava i barnehagelova § 19 g. Grunnlaget for vurderinga er tilbakemeldinga som blei gitt i Fylkesmannen si kartlegging i februar 2019, der det kom fram at kommunen ikkje hadde informasjon på heimesida, eller vedtak etter barnehagelova § 19 g.

Denne tilsynsrapporten omhandlar våre funn knytt til temaet som er valt, på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

### **Funn**

Fylkesmannen konkluderer med at Gloppen kommune ikkje oppfyller plikta til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt tilbod etter barnehagelova 19 g.

Gloppen kommune må utarbeide eit system for å sikre at barn som har nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod. Systemet må vere forsvarleg.

Vurderingane av kommunen sin praksis knytt til barnehagelova § 19 g, er basert på innsendt dokumentasjon.

### **Vegen vidare**

Etter forvaltningslova § 16 fekk Gloppen kommune tilsendt førebels tilsynsrapport med varsel om pålegg. Gloppen kommune fekk høve til å uttale seg før endeleg tilsynsrapport. Frist for tilbakemelding var 11. oktober 2019. Fylkesmannen har ikkje mottatt tilbakemelding frå kommunen. Rapporten får difor status som endeleg rapport.

## **1. Vår tilsynsmyndigheit**

Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd. Tilsynet skal vere eit tilsyn med dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn skjer i samsvar med reglane i forvaltningslova. Tilsynet skal bygge på openheit og likebehandling, og skal kunne etterprøvast og gjennomførast på ein effektiv måte.

Fylkesmannen legg barnekonvensjonen til grunn ved tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Barnekonvensjonen går ved motstrid føre norsk lov. Artikkel 3 i konvensjonen er tydeleg på at *til beste for barn* skal leggjast til grunn som eit grunnleggande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn. Artikkel 23 i konvensjonen seier at eit barn som er psykisk eller fysisk funksjonshemma bør ha eit fullverdig og anstendig liv under forhold som

sikrar verdigheit, fremjar sjølvstende og gjer det lettare for barnet å delta aktivt i samfunnet. Barnehagelova § 19 g er med på å sikre at artikkel 23 blir sett i verk, ved at barn blir sikra eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.

Fylkesmannen skal kontrollere om kommunen oppfyller plikta til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter barnehagelova § 19 g.

## **2. Om tilsynet med Gloppen kommune**

Fylkesmannen har gjennomført skriftleg tilsyn etter barnehagelova med Gloppen kommune som barnehagemyndigheit. Barnehagemyndigheita i Gloppen kommune er lagt til kommunalsjef oppvekst.

Gloppen kommune er vald ut på grunnlag av kor sannsynleg det er at kommunen ikkje oppfyller krava i barnehagelova § 19 g. I vurderinga har vi vektlagt tilbakemeldinga som blei gitt i Fylkesmannen si kartlegging i februar 2019. Der kom det fram at:

- Kommunen ikkje hadde informasjon om barnehagelova § 19 g på heimesida si
- Kommunen ikkje hadde gjort vedtak etter barnehagelova § 19 g

Tilsynet med Gloppen kommune blei opna ved varsel om tilsyn 3. juli 2019. Kommunen sin frist til å legge fram dokumentasjon var 26. august 2019.

Følgjande dokument ligg til grunn for tilsynet:

- skriftleg orientering om kommunen sin praksis
- meldeskjema om behov for tilrettelegging
- søknad om ressursar til tilrettelegging – privat barnehage
- sakkunnig vurdering datert 24. april 2019
- søknad frå privat barnehage med legeerklæring
- vedtak om spesialpedagogisk hjelp

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på den skriftlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen.

Vi har undersøkt om kommunen som barnehagemyndigheit sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod, jf. barnehagelova § 19 g, og om generelle sakshandsamingsreglar etter forvaltningslova er følgde.

## **3. Dei rettslege krava i barnehagelova § 19 g**

Barnehagelova § 19 g første setning slår fast at:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud.»

Alle barn som går i barnehage har krav på eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha høve til å delta i det ordinære barnehagetilbodet på same måte som andre barn. Dersom barnet treng tilrettelegging for å kunne ta i bruk det ordinære barnehagetilbodet, har kommunen ei plikt til å gjere vedtak som sikrar at barnet får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod, jf. barnehagelova § 19 g første setning. Føremålet med individuell tilrettelegging er å gi barn med særlege utfordringar lik moglegheit til

å gjere seg nytte av barnehageplassen sin som andre barn. Tilrettelegginga skal bli fastsett med utgangspunkt i barnet sine behov, og ressursane skal bli tildelt barnet i eit enkeltvedtak.

Omgrepet «nedsatt funksjonsevne» er ikkje definert i barnehagelova, men i forarbeidet blir det vist til at vilkåret omfattar fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar. Det må avgrensast mot bagatellmessige og forbigåande forhold som er å sjå på som normalvariasjon i småbarnsalderen. Sentralt i denne vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruke barnehageplassen sin på lik linje med andre barnehagebarn. Dersom kommunen kjem til at barnet har nedsett funksjonsevne, må det konkretiserast i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når det treng tilrettelegging, og korleis tilrettelegginga skal bli utført.

Det er kommunen som barnehagemyndigheit som har ansvaret for å sikre at dei aktuelle barna får eit tilrettelagt tilbod. Plikta gjeld for barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen, og som har barnehageplass.

Barnehagelova § 19 g andre setning seier:

Plikten til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særleg legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Vilkåret «uforholdsmessig byrde» handlar om kommunen si plikt til å leggje til rette tilbodet i ein bestemt barnehage. I forarbeida er det framheva at dette unntaket er meint som ein snever sikkerheitsventil, og at foreldre med barn med nedsett funksjonsevne i utgangspunktet har rett til å velje barnehageplass på lik linje med andre foreldre.

Dette tilseier at kommunen sin økonomi ikkje kan vere eit omsyn i vurderinga av om tilrettelegginga skal bli gitt eller kva omfang den skal ha. Kommunen kan difor ikkje avslå søknader med grunngjeving i at dei ikkje har økonomiske ressurser.

Det går fram av barnehagelova § 19 g andre ledd at det er kommunen som barnehagemyndigheit som skal gjere vedtak etter føresegna.

## **4. Kommunen «skal sikre» at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod**

### **4.1 Rettsleg krav**

Barnehagelova § 19 g krev at kommunane «skal sikre» at barn som har nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod. I vilkåret «skal sikre» kan tolkast slik at kommunen må ha eit system for å sjå til at dei oppfyller plikta dei har etter føresegna. Dette systemet må vere forsvarleg.

Regelverket gjev ikkje føringar for korleis eit system må vere utforma for at det skal kunne reknast for å vere forsvarleg. Ofte vil lokale tilhøve vere førande for korleis systemet bør utformast. Eit system som kan reknast for å vere forsvarleg i ein kommune er derfor ikkje automatisk forsvarleg i ein annan kommune. Kommunen står dermed fritt til å utforme sitt eige system, basert på lokale tilhøve, så lenge det kan reknast for å vere forsvarleg. For å sikre at eit system er forsvarleg er det ofte nødvendig å utarbeide rutinar.

Systemet må famne om alle steg i prosessen fram mot å sikre at barnet får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod. Dette vil mellom anna kunne gjelde å formidle informasjon om regelverket til relevante aktørar, og sørge for at det er kjent korleis behov om tilrettelegging kan meldast inn til kommunen.

Når kommunen blir kjent med at eit barn kan ha rett på tilrettelegging, uavhengig av om det er fanga opp av kommunen sin rutine eller ved melding, må dei sørge for å innhente tilstrekkeleg med opplysingar til å vurdere om vilkåra i § 19 g er oppfylt.

For at kommunen skal oppfylle plikta til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod, må det gjerast vedtak, jf. barnehagelova § 19 g siste setning. Desse vedtaka må synleggjere at kommunen har gjort ei korrekt vurdering av vilkåra i § 19 g, og i tillegg vere i tråd med reglane i forvaltningslova. Systemet til kommunen bør også famne om dette steget av prosessen. Det same gjeld oppfølginga av om tilrettelegginga blir gjennomført i tråd med vedtaket.

På denne bakgrunn skal Fylkesmannen i dette tilsynet undersøke om kommunen har sannsynleggjort at dei har eit system på området, som sikrar at plikta etter barnehagelova § 19 g blir oppfylt, og som er forsvarleg.

## **4.2 Fylkesmannen si undersøking og vurdering**

### **Rutine**

Kommunen skriv at alle barn som har hatt behov for tilrettelegging har fått tildelt ressursar i tråd med deira behov, sjølv om det ikkje er gjort vedtak.

Fylkesmannen skal under tilsynet ikkje gjere ei konkret vurdering av om barna i Gloppen kommune har fått dei behova dei eventuelt har for tilrettelegging i barnehagen. Tema for tilsynet er om kommunen sikrar at barna får eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova § 19 g. Dette må kommunen sikre på systemnivå, det vil seie som barnehagemyndigheit.

Vidare skriv kommunen at det ikkje er gjort vedtak etter § 19 g åleine etter at dei vart gjort kjent med § 19 g. Det blir vist til dei to vedtaka kommunen la ved sitt svar på vår kartlegging i februar. Desse to vedtaka er gjort etter § 19 a, det vil seie spesialpedagogisk hjelp.

Når kommunen skriv at dei ikkje gjort vedtak etter § 19 g, tilseier dette at kommunen ikkje har ei fastsett rutine for korleis dei skal sikre at barn sine rettar etter § 19 g blir ivaretekne.

I den grad kommunen har ei rutine for å gje barn tilrettelegging i barnehagen, reknar vi det som sannsynleg at rutine er knytt til barnehagelova § 19 a. Dei to føresegnene gjev barna ulike rettar. Vilkår for å ha rett til spesialpedagogisk hjelp og rett til tilrettelegging er også ulike. Dette medfører at kommunen må gjere ulike vurderingar etter dei to føresegnene, og at kommunen må innhente ulike typar opplysingar for å kunne vurdere om barnet har ein rett etter § 19 g eller § 19 a.

Desse tilhøva gjer det nødvendig at kommunen har to ulike rutinar, som kvar for seg sikrar at barn i kommunen får den retten dei har krav på, etter begge føresegnene. Ei rutine for vurdering av vilkåra etter § 19 a vil ikkje i tilstrekkeleg grad sikre at kommunen fangar opp barn med tilretteleggingsbehov etter § 19 g, mellom anna fordi barn som treng tilrettelegging ikkje alltid vil ha behov for spesialpedagogisk hjelp.

Med bakgrunn i dette konkluderer vi med at med at kommunen ikkje har ei god nok rutine for å sikre eit tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 19 g.

### **Informasjon**

Kommunen skriv at informasjon om rettane etter barnehagelova § 19 g blir gjeve gjennom barnehagane, Team for tidleg innsats (TTI) og PPT, og at kommunen rettleier barnehagane om dei har spørsmål kring tilretteleggingsplikta. Kommunen skriv at dei ikkje har informasjon om tilrettelegging på deira heimeside.

Dette viser at kommunen i stor grad overlèt ansvaret for å informere om regelverket til andre aktørar. Til dette vil Fylkesmannen peike på at ansvaret for å spreie informasjon om regelverket i barnehagelova § 19 g ligg til kommunen. Kommunen kan ikkje overlate til andre aktørar å gje nødvendig informasjon med mindre dei også sørgjer for at informasjonen som blir gjeven er tilstrekkeleg og korrekt.

Kommunen skriv vidare at tilretteleggingsbehovet i første omgang blir fanga opp ved at foreldra ved søknad om inntak i barnehagen må svare på om barnet har spesielle behov. Vidare opplyser kommunen at dei fangar opp barn med tilretteleggingsbehov gjennom helsestasjon, barnehage, TTI og PPT.

Ansvaret for å fange opp barn med tilretteleggingsbehov ligg til kommunen og kan ikkje overførast til andre. Kommunen må ha eit system for korleis dei skal fange opp desse barna, som er forsvarleg. Dersom kommunen, som ein del av eit slikt system, legg opp til at andre aktørar skal ha ei rolle i å fange opp tilretteleggingsbehov, må kommunen sørgje for at aktørane har tilstrekkeleg kompetanse for å gjere dette.

Kommunen opplyser at barnehagane er orientert om ny praksis og forventningar kring tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g i styrarmøte. Vidare rettleier kommunen barnehagane om dei har spørsmål kring tilretteleggingsplikta.

Kommunen har lagt ved ein søknad om «styrkingsmidlar etter barnehagelova», dagsett 11. juni 2018 og ein søknad om midlar, dagsett 21. mars 2019. I begge søknadane blir det søkt om midlar til drift av barnehagen og ikkje til barnet. Dette viser at det er ein manglande forståing i barnehagane for at tilretteleggingsmidlar skal knytast til eit konkret barn og utfordringane barnet har, og ikkje til barnehagen sine utfordringar med barnet. Vi meiner dette tilseier at det ikkje er tilstrekkeleg kunnskap i barnehagane om innhaldet i § 19 g. Ut frå dette kan vi ikkje sjå at kommunen har eit forsvarleg system for å setje barnehagen i stand til å fange opp at eit barn kan ha rett til tilrettelegging etter § 19 g.

Vidare vil vi peike på at det ligg utanfor PPT sitt ansvarsområde etter lova å vurdere om eit barn med nedsett funksjonsevne har behov for eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter § 19 g. PPT sitt ansvar er knytt til spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a, som inneber heilt ulike vurderingar. Ut frå dette kan ikkje kommunen overlate ansvaret for å fange opp barn med tilretteleggingsbehov etter § 19 g til PPT.

Vidare vurderer vi det slik at helsestasjonen ikkje har føresetnadar for å vurdere når eit barn har behov for tilrettelegging i barnehagen. Helsestasjonen kan meine noko om barnet si helse og kva utfordringar det generelt sett har. Vurderinga må derimot vere knytt til om barnet har behov for tilrettelegging for å kunne ta i delta i barnehagen i likskap med andre barn. Dette har ikkje

helsestasjonen føresetnad for å vurdere, fordi tilretteleggingsbehov etter barnehagelova § 19 g må vurderast ut ifrå det konkrete barnehage tilbudet barnet har, og ikkje på generelt grunnlag.

Kommunen skriv at det i praksis er barnehagen og PPT som søker om hjelp på vegner av foreldra. Kommunen er i gang med å utforme eit søknadsskjema som gjeld søknad om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g. Eit slikt søknadsskjema vil kunne vere ein del av eit system som sikrar at barn med tilretteleggingsbehov blir fanga opp. Vi vil likevel peike på at føresette ikkje kan påleggast å søkje om tilrettelegging.

Det er kommunen som skal sannsynleggjere at dei har et system som på ein forsvarleg måte fangar opp dei barna som har behov for tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g. Kommunen har ikkje sannsynleggjort at dei har eit slikt system.

Fylkesmannen vurderer det slik at kommunen ikkje har eit forsvarleg system som dei fangar opp dei barna som har behov for tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g.

### **Vedtak**

I tilbakemelding på tilsynet skriv kommunalsjef oppvekst at dei barna som går i barnehagen i Gloppen får den hjelpa dei treng for å kunne ha utbytte av barnehageplassen sin, enten det gjeld fysisk tilrettelegging, eller meir personleg støtte for å kunne delta på like vilkår. Kommunen skriv vidare at dei ikkje har gjort vedtak etter barnehagelova § 19 g åleine.

At det blir gjort vedtak etter § 19 g er ein rett barnet har. Det er dermed ikkje tilstrekkeleg at barnet faktisk får dekka behovet for tilrettelegging. Enkeltvedtaket skal grunngjevast ut frå vurderingane som blir gjort etter vilkåra i § 19 g, og skal gjere det mogleg for føresette å forstå kvifor kommunen meiner barnet har eller ikkje har rett på tilrettelegging. Dersom barnet har rett på tilrettelegging, skal vedtaket innehalde konkrete opplysingar om omfang og organisering. Dette vil gjere føresette i stand til å forstå innhaldet i retten som er tildelt, og vurdere om dei skal klage på vedtaket.

Med bakgrunn i at kommunen ikkje gjer vedtak med heimel i barnehagelova § 19 g har vi kome til at kommunen ikkje sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt barnehage tilbud.

Kommunalsjef oppvekst skriv at sakshandsaminga på dette feltet har vore på etterskot både som følge av kapasitet og eit ønskje om å følgje opp fokuset som har vore på føresegna frå Fylkesmannen si side. Tanken har vore å innføre ny praksis frå nye saker, eller saker som ligg klare til vedtak.

Til dette vil Fylkesmannen påpeike at retten til vedtak etter § 19 g både gjeld barna som allereie har tilrettelegging i barnehagen i dag, og barn som enno ikkje har fått slik tilrettelegging.

Vidare vil vi peike på at kommunen etter forvaltningslova § 11 a skal førebu og avgjere saker «uten ugrunnet opphold». Ut frå opplysingane i saka er det barn i barnehagen som får tilrettelegging utan at det er gjort vedtak. I tillegg ser vi av dokumentasjonen at kommunen har fått melding om behov for tilrettelegging i mars, som enno ikkje er handsama. Kommunen sitt system må også sikre at meldingar om behov blir handsama «uten ugrunnet opphold», slik at retten til tilrettelegging blir fastsett gjennom vedtak.

## **Oppfølging av at vedtaka blir gjennomført**

Kommunen si plikt etter barnehagelova § 19 g omfattar også ei plikt til å følgje opp om tilrettelegginga blir gjennomført i tråd med vedtaket.

Kommunen skriv at dei held oversikt over området ved at barnehagane leverer rapportar på gjennomførte tiltak i årsrapportar og søknad om refusjon av utgifter som gjeld dei private barnehagane.

Fylkesmannen vurderer at kommunen sin rutine med å krevje ein rapport frå barnehagen, vil vere hensiktsmessig for å sikre at plikta til å legge tilrette blir oppfylt.

Det er kommunens plikt å sjå til at årsrapportane vert fylt ut, kommunen må i tillegg sannsynleggjere at dei har eit system som fastset korleis dei skal bruke denne informasjonen til å kvalitetssikre at vedtaka vert gjennomført.

Ut frå dokumentasjonen kommunen har lagt fram kan vi ikkje sjå at dei har sannsynleggjort at dei har eit system som fastset korleis dei skal bruke den informasjonen i årsrapporten til å kvalitetssikre at vedtaka vert gjennomført.

Fordi kommunen ikkje gjer vedtak etter barnehagelova § 19 g, reknar Fylkesmannen det for å vere sannsynleg at kommunen heller ikkje har eit forsvarleg system for følgje opp at tilrettelegginga blir gjennomført i tråd med vedtaket.

### **4.3 Fylkesmannen sin konklusjon**

Fylkesmannen har kome til at Gloppen kommune ikkje har sannsynleggjort at dei har eit forsvarleg system for å sikre at barn som har nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, jf. barnehagelova § 19 g.

## **5. Kommunen skal følgje sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova**

### **5.1 Rettslege krav**

Når kommunen skal gjere vedtak om tilrettelegging, må dei følgje føresegnene i forvaltningslova. Dette set mellom anna krav til at vedtaket er grunngjeve og at saka skal vere så godt opplyst som mogleg. Grunngjevinga skal setje parten i stand til å forstå vedtaket. Dette set krav til at kommunen, på ein god og forståeleg måte, viser korleis dei har vurdert lova sine vilkår. Gode vurderingar krev at kommunen får saka godt opplyst. Vedtaka til kommunen må også oppfylle dei formelle krava til enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### **Krav til å opplyse saka**

Kommunen «skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes», jf. forvaltningslova § 17. Å få saka godt opplyst, er nødvendig for at kommunen skal kunne gjere dei vurderingane som barnehagelova § 19 g krev.

Ettersom behovet til det enkelte barn varierer, vil også undersøkingane kommunen må gjere variere, for å få saka så godt opplyst som mogleg. Nokre saker krev grundigare undersøkingar enn andre. Til dømes vil uttale frå barnehagen, PPT eller kommune- og spesialisthelsetenesta i nokre tilfelle måtte innhentast for å opplyse saka. Ei melding om behovet for tilrettelegging frå foreldre eller barnehage vil og vere med på å gi opplysningar i saka.

## **Krav til grunngjeving**

I forvaltningslova § 24 er det stilt krav om at enkeltvedtak «skal grunngis». Kravet må sjåast saman med forvaltningslova § 25, som har minimumsreglar om kva grunngjevinga skal innehalde. Formålet med kravet til grunngjeving er mellom anna at mottakaren av vedtaket blir sett i stand til å forstå kva vedtaket er basert på og inneber, og om vedtaket er korrekt.

Eit minimum for at vedtaket etter barnehagelova § 19 g skal etterleve kravet til grunngjeving er for det første at kommunen vurderer funksjonsevna til barnet. Dersom kommunen kjem til at barnet har «nedsett funksjonsevne» i barnehagen, må kommunen identifisere kva som er til hinder for at barnet kan ta i bruk barnehageplassen sin på same måte som andre barn, og vurdere kva for tiltak som må til for å bygge ned desse barrierane. Kommunen må vurdere kva som vil være eigna tiltak for akkurat dette barnet. Kommunen må ta utgangspunkt i barnet sine individuelle behov og konkretisere i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når det treng tilrettelegging og korleis tilrettelegginga skal bli utført.

## **Formelle krav**

Etter forvaltningslova § 11 a er utgangspunktet at kommunen skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Kva som kan reknast som forsvarleg sakshandsamingstid vil mellom anna kunne variere med saka si art og omfang.

Kommunen skal, så snart som råd, gje melding om vedtaket til partane, jf. forvaltningslova § 27 første ledd.

Det følgjer vidare av forvaltningslova § 27 tredje ledd at underretninga skal gi opplysningar om «klageadgang, klagefrist, klageinstans og nærmare framgangsmåte ved klage». Kommunen må opplyse om at klagefristen er tre veker frå då parten fekk vedtaket, at klagen skal sendast til kommunen, og kven som er klageinstans.

Partane i ei sak har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18. Enkeltvedtaket skal innehalde opplysingar om retten til innsyn og unntaka frå den, jf. forvaltningslova § 27.

Nærmare reglar for saksbehandling ved klage går fram av forvaltningslova § 27–32.

## **5.2 Fylkesmannen sine undersøking og vurdering**

Gloppen kommune gjer ikkje vedtak i saker om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g. Vurderinga av om kommunen følgjer reglane for enkeltvedtak etter forvaltningslova må knytast til konkrete enkeltvedtak gjort med heimel i barnehagelova § 19 g. Vi har derfor ikkje grunnlag for å vurdere om kommunen følgjer reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova knytt til vedtak etter føresegna.

## **5.3 Fylkesmannen sin konklusjon**

Fylkesmannen har ikkje grunnlag for å vurdere om kommunen følgjer reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova, knytt til barnehagelova § 19 g.

## 6. Frist for å rette brot på regelverket

Fylkesmannen har funne brot på reglane i barnehagelova § 19 g.

I rapporten frå Gloppen kommune frist til å rette brot på regelverket jf. kommunelova § 60 d.

### **Frist for retting er 1. desember 2018.**

Gloppen kommune må rette følgjande brot på regelverket:

1. Kommunen må utarbeide rutine, for alle steg i prosessen, som fastset korleis kommunen som barnehagemyndigheit skal gå fram for å oppfylle sine plikter etter § 19 g.
  - Kommunen må formidle informasjon om regelverket til relevante aktørar, og sørge for at det blir kjent korleis behov om tilrettelegging kan meldast inn til kommunen.
  - Kommunen må sørge for å fange opp barn som kan ha rett på tilrettelegging.
  - Kommunen må sørge for følge opp om tilrettelegginga er blitt gjennomført i tråd med vedtaket.
2. Kommunen må vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne og gjere vedtak etter § 19 g.
3. Kommunen må gjere vedtak etter § 19 g i tråd med forvaltningslova. Dette gjeld også barn som har tilrettelegging i barnehagen, men som ikkje har vedtak.
4. Kommunen må sørge for følge opp om tilrettelegginga er blitt gjennomført i tråd med vedtaket.

Berit Rygg  
tilsynsleiar  
Fylkesmannen i Vestland

Oda Eikeland Myrnes  
rådgjevar

Astrid Terese Aam  
seniorrådgjevar